



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Hafslo, 11.11.2025

Møtereferat FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Tysdag 11.11.2025 kl.19:30 – 21:30

Innkalling til foreldrerepresentantar:

Eirik Hoem, Tonje Været, Ine Jeanett Skjerven,
Linda M. Hagelin, Bjarni Valsson (forfall), Benedikte Fløtra Grøteig, Siri Holen Lomheim, Tomas
Kjørlaug, Tommy Stein, Dan Yngve Høyheim

Rektor: Kari Merete Henjum (for Hilde Selland)

SAKSLISTE

14-2025/26	Godkjenning av referat frå sist møte (23.09.2025)
15-2025/26	Skriv, orienteringar, oppfølging av tidlegare saker og diverse info Status saker frå siste FAU-møtet: 05-2025/26 Sykkelparkering med takoverbygg: ny dialog runde med prosjektleiar til kommunen, har fått beskjed om at dette må settast litt på vent til ferdigstilling av barnehagen. Prosjektleiar er positiv til å bidra til å hjelpe til med å søke om midlar mm. 07-2025/26 Trafikkampanje: Her er det ikkje blitt utført noko sidan sist møte. Det planleggast å få til eit samarbeid i lag med skule(adm) og eventuelt barnehagane om å utføra ein felles trafikkampanje. Reflekskampanje, samt innkjøp av diverse kjegler eller anna trafiksikringstiltak blei nemnt som aktuelle tiltak. 08-2025/26 Smarttelefonfri barndom: FAU-leiar møtte Solvorn FAU om skjermbruk og smarttelefon (22.10) Foreldrenettveka i småskulen har hatt fokus denne hausten på det nye vedtaket (fau-hbus-smarttelefonfritt-barnetrinn-vedtak-120625.pdf) og Rettleiar for skjermbruk HBUS. I dagens møte ble det også tips om en sikker meldings app med foreldre kontroll, Stars messenger kids safe app. For meir informasjon følg link til barnevakten si heimeside Stars Messenger Kids Safe Chat Barnevakten. 12-2025/26 Aktivitetar 2025/2026 ungdomsklubben. Møte i ungdomsklubben 02.11.25 med FAU-representantar, ungdomskontaktar og elever. Ser veldig bra ut. Ein jobbar no med å få tak i møblar, dekketøy, interiør, og anna utstyr så ein kan starte med å fylla opp lokalet til opning. Opningsdato er ikkje satt.

	09-2025/26 Halloween: Etter oppfordringa frå sist FAU-møte er det gladleg at heile småskulen (1-4.kl) fekk til felles Halloweenfeiring per klasse i år. 13-2025/26 : Eventuelle innkomne saker / Avslutningstur for 7 kl. På forrige møte fekk ein beskjed/inntrykk av at «Bergensturen» var avvikla pga «gratisprinsippet». Mens i dagens møte kom det fram at det var litt fleire grunna til at det ikkje vart Bergenstur denne våren. Kari Merete ville ta det opp igjen internt om det er opning for 7.klassetur til Bergen igjen, eller om ein har landa på at det skal vera ein anna avslutningstur for barneskulen som skal bli arrangert. Det vart nemnt i møtet at fleire skular i kommunen reiser til Bergen. - Kontoar og vipps-tilgangar. 8.klasse treng handlekurv til sitt kommande dugnadsarbeid. Tonje fikser dette etter dagens møte. - Trafikksituasjonen og skulevegen i sentrum. Leiar har 03.10.25 i lag med FAU Hafslo barnehage og FAU Gamlestova bedt om dialog med kommunen (stabsleiar forvaltning og utvikling.) Ein har ikkje lukkast med å få noko svar på denne henvendelsen frå kommunen. - Brev frå SU HBUS til kommunen om trafikksituasjonen i sentrum. Dette har ein heller ikkje fått noko svar på frå kommunen. Ein er blitt lova mindre trafikksikringstiltak i løpet av 2025, men inntil no har ein ikkje sett at noko tiltak er blitt utført til no. FAU leiar informerte om SU HBUS sine innspel til høyringsuttale om Solvorn skule. - Informasjon frå FAU-leiar som var tilstades på folkemøte om skulen i Solvorn (28.10) FAU-leiar gjekk igjennom diverse informasjonen som blei sendt ut i lag med sakslista. - Referat SU HBUS 15.okt. - Kommuneanalysen til UNICEF. Skulen informerte om at denne analysen er missvisande då Luster kommune får 0 poeng på kultur då Kulturskulen blir registrert i vertskommunen Sogndal. Dette er ein gjentakande statistikkutfordring for kommunar med interkommunalt samarbeid. Indikatorane elles viser i stor grad dei same som går att i kommunebarometeret. - Ny rettleiar til Hjartesoneordning - Årsmeldinga 2024-25 frå mobbeombodet i Vestland
16-2025/26	Vurdere retningslinjer/anbefalingar for bruk av attståande midlar på klassekontoar etter 10. trinn Det blei einigheit om at det bør etablerast ein anbefaling frå FAU rundt dette tema. Tonje, Ine og Linda jobbar fram eit utkast til neste FAU møte 3.feb.

17-2025/26	Revidere årshjulet til FAU FAU-leiar har forslag til revisjon av årshjulet. Gjennomgang av revisjonsforslaget tas opp i neste møte.
18-2025/26	Saker v./ rektor/skulen • Julefest på barneskulen, 1.-4. kl. måndag 15. des. og 5.-7. kl. tysdag 16. des. Dugnadslister sendes ut etter møte, og må korrigeras av kvar enkelt klasse slik at det samsvarer med tal inviterte. Tonje sender ut mal på dugnadsliste, samt at ho har ansvar for koordinering av mellomtrinnet med skulen. Benedicte tek på seg koordineringa for småskulen. • Forslag frå skulen om at den tredje undervisningsøkta på mellomtrinnet, auke den frå 45 min til 55 min., same som ungdomstrinnet. Skulen har ønske om at dette kan tre i kraft frå og med hausten 2026. Det bør formulerast eit høyringsutkast på dette frå skulen. Dette er også noko som må løftast til i SU HBUS. • Trafikktryggingsaktivitetar 2026, søknadsfrist 1.des. 2025.
19-2025/25	Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosialkveldar (Sak utsett til neste møte)
20-2025/26	Aktivitetar og arbeid i 2025/2026 Innspel og forslag (forts. frå sist møte) (Sak utsett til neste møte)
21-2025/26	Utsending av sakslista til FAU Det blei på møtet avtalt at skulen kunne sende ut sakslista til FAU-møtene via Visma i forkant. Møtereferat mm er å finne på FAU HBUS sine heimesider.

Referent
Siri Holen Lomheim